

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

v/Lidvar Rogne (leiar) og Mette Krogsæter (nestleiar)

e-post: lidvar.rogne@online.no, mette@gunnabuda.no

Til Haram Kommune

Att: Ordførar Vebjørn Krogsæter, Rådmann Turid Hanken

og Ad-hoc-utvalet v/Cine Finstad Austnes

Longva, 4/5-2016

FRAMTIDA FOR HARAM KVILEHEIM

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy vart stifta vinteren 2015 med det formål å sikre at vi også i framtida skal kunne ha eit livskraftig bygdesamfunn på øya vår. Vi vil bidra mellom anna gjennom ulike trivselstiltak, med profilering av øya på nettet og i sosiale media , og gjennom tilrettelegging for næring og for tilflytting til øya. Øyrådet har også gitt oss ein arena for å ta opp og engasjere oss i ulike saker som vedrører lokalsamfunnet. Ei av sakene som har engasjert mest i løpet av året som har gått, er den som omhandlar framtida til Haram Kvileheim. Denne saka var mellom anna tema for eit folkemøte på Longva sist haust, der både representantar frå Haram Kommune og for folket på Nordøyane fekk kome til orde.

Vi veit no at administrasjonen av helse- og pleiesektoren i Haram Kommune er i gang med ei høyringsrunde mellom anna blant dei tilsette om korleis den vidare drifta skal bli, og i tillegg er Ad-hoc-utvalet som kommunen sette ned i ferd med å gjere sine vurderingar. Øyrådet for Flemsøy/Skuløy er ikkje høyringsinstans i denne samanhengen, men vi vil likevel kome med vårt syn på kva vi meiner kommunen bør ta omsyn til når endeleg vedtak skal fattast.

Vi er klar over at Haram Kommune må ta omsyn til diverse krav og pålegg når det gjeld vidare drift på Longva, og vi har skjønna at det uansett vil måtte gjerast endringar. Men kommunens plan om å gjere om Kvileheimen til *ubemanna omsorgsbustader* vil ramme øyane våre hardt på mange måtar – og vi meiner at det er ei uakseptabel løysing for oss som bur her ute. Det inneber at enda fleire av trinna på den såkalla «omsorgstrappa» som vi no har på øyane berre vil vere tilgjengelig på fastlandet. Fleire av dei som i dag har eit godt omsorgstilbud på øyane, vil måtte flytte til fastlandet, dei fleste til den nye omsorgsarenaen på Vatne. Dette vil også innebere ein reduksjon i antal stillingar innanfor omsorgssektoren på øyane og ein tilsvarende auke i stillingar på fastlandet.

Vi vil gå inn på spesielt to punkt kommunen sin plan berører:

- omsynet til dei eldre og deira pårørande
- framtidig sysselsetting og tilflytting til øyane

Omsynet til dei eldre og deira pårørande tilseier at det beste er å få eit omsorgstilbud så nær heimen og dei pårørande som mogleg. For ein del eldre vil derfor heimebasert omsorg i såkalla ubemanna omsorgsbustader vere eit godt tilbud. Med aukande pleiebehov vil det ikkje lenger vere tilstrekkeleg – nokre vil då framleis kunne bu i ein omsorgsbustad, men dei vil trenge å ha bemanning innanfor rekkevidde heile døgnet. Haram Kvileheim har idag 8 tilknytta omsorgsbustader med slik døgnbemanning, noko som har vore ei god ordning for bebuarane og dei pårørande.

Dersom det som er «kvileheimsdelen» av bygget no vert omgjort til omsorgsbustader *uten* døgnbemanning, vil det innebere at *ingen omsorgsbustader på øyane har døgnbemanning*. Alle dei som i dag har eit omsorgstilbud med døgnbemanning, vil dermed bli flytta til fastlandet. Øyane vil til gjengjeld sitte att med fleire *ubemanna* omsorgsbustader – og det utan at vi kan sjå at behovet for fleire slike er påtrengande.

Vi er fleire her på øyane som har erfaring med kva det inneber at eldre og pleietrengande ikkje lenger kan få eit omsorgstilbud i lokalmiljøet, men må flytte til fastlandet. Det gjer sjølv sagt at det blir mykje dyrare og vanskeligare å halde kontakten med familien. Offentlig kommunikasjon er dårlig utbygd, med svært avgrensa bussavgangar og avhengighet av ferje. Mange eldre pårørande har i tillegg ikkje bil eller førarkort – dei vil dermed vere avhengig av skyss av yngre slektningar. Desse kan på si side ha problem med å få dette til å gå opp tidsmessig i forhold til arbeidstid og kva som er gunstig besøkstid for eldre. Dette er ei stor belastning både for dei pleietrengande og familiane deira, sjølv om omsorga som vert gitt i seg sjølv kan vere god – det er rett og slett langt og tungvindt å reise ofte mellom Nogva og Vatne!

Ei omlegging til at øyane berre får ubemanna omsorgsbustader vil innebere at *enda* fleire eldre vil måtte flytte til fastlandet for å få den omsorgen dei treng, og *enda* fleire pårørande enn i dag får problem med å få besøkskabal til å gå opp. Dette er uakseptabelt og gjer det mindre attraktivt å busette seg på øyane.

For **framtidig sysselsetting og tilflytting til øyane** er det viktig at vi på øyane har arbeidsplassar å tilby innan ulike næringar. Her spelar arbeidsplassar innan omsorgssektoren ei svært viktig rolle. Vi vil nemne spesielt at Øyrådet har inngått ein avtale med firmaet Placement om rekruttering av innflyttarar frå Nederland/Belgia til øya. Gjennom Placement har vi kome i kontakt med fleire familiar som vurderer flytting til Flemsøy/Skuløy, og i fleirtalet av desse familiane er det slik at den eine i familien er utdanna sjukepleiar eller hjelpepleiar! For at desse familiane skal vurdere ta steget fullt ut og flytte til øya, er det avgjerande at det også i framtida vil vere arbeid innan omsorgssektoren på øyane. *Slik situasjonen er i dag, kan vi dessverre ikkje love dette.* Vi

høyrer no om at fleire tilsette innan omsorgssektoren som i dag har arbeidsplassen sin på øyane, har fått tilbud om arbeid på fastlandet – den såkalla «opprustinga av heimebasert omsorg fram til Nordøyvegen står ferdig» vil på ingen måte kompensere for dei arbeidsplassane som fell bort med ombygginga av Haram Kvileheim. Kommunen risikerer også å tape kompetent arbeidskraft viss tilsette finn det enklare å pendle til andre kommunar eller å flytte frå kommunen grunna desse endringane.

Vi veit at Haram Kommune heller ikkje har konkludert endeleg om kor den nye basen for Heimebasert Omsorg skal ligge. Denne ligg idag på Austnes, men det har vore planar om å flytte han til Longva, i samband med omgjeringa av kvileheimsdelen av Haram Kvileheim til omsorgsbustader. Det fins gode faglege argument for å ha basen både på Austnes og på Longva – på Austnes er det nærleiken til legekontor, og på Longva er det nærleik til dei nye omsorgsbustadene. *Men* vi veit at ein av vurderingane som vert gjort her, er at det skal vere enklare å hente tilsette frå fastlandet ut til øyane viss basen ligg på Austnes! Denne typen vurderingar vil vi be kommunen om å avstå frå – det siste vi no treng er planar som legg til rette for at enda fleire arbeidsplassar som skal tene folket på øyane vert flytta frå øyane til fastlandet.

Øyrådet arbeider aktivt for å styrke øyane og Haram kommune, mellom anna gjennom rekruttering. Ubemanna Omsorgsbustader vil føre til det motsette. Vi meiner at heildøgns bemanna omsorgsbustader (24/7) på Longva vil vere den beste løysinga for heile Haram. Vår **konklusjon** er dermed følgjande tilråding til Haram Kommune:

Vi vil be kommunen om å arbeide for at dei nye omsorgsbustadene blir døgnbemanna. Dette vil sikre at fleire eldre får eit omsorgstilbod som gjer at dei kan vere lenger på øyane enn dersom det er snakk om ubemanna bustader – **og** det vil sikre framtidige arbeidsplassar innan omsorgssektoren på øyane.

Vi vil elles kome med eit lite hjartesukk som er knytta til vurderingar om Nordøyvegen – sjølv på ei tid då det framleis ikkje er avgjort om eller når vi får vegen. Vi vil be om at ein i kommunen sine planar og vurderingar ikkje ser på Nordøyvegen primært som eit middel for å kunne sentralisere fleire arbeidsplassar i kommunen. Vi håper nemleg at Nordøyvegen skal kunne skape meir aktivitet og betre kommunikasjonar til gagn for heile kommunen – sjølv sagt også for øyane!

Med helsing
Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

Lidvar Rogne
leiar

Mette Krogsæter
nestleiar